

To Uskedalshestar kvalifisert til løp

06.04.2007

Varmblodshesten Ally Star (eigar Magne og Anne Berit Huglen) gjennomførte prøveløpet på Bergen Travpark skjærtorsdag utan problem.

Kusk og trenar Qyvind Austevoll hade full kontroll under heile løpet og kørde kontrollert inn til kilometertida 1,22,1.

Kravet er 1,23 for fireåringar og eldre. Med Ally Star og Døssland Pia (kaldblods) som Hallvard og Gudrun Døssland eig, har Uskedalen no fått to hestar som er kvalifisert til løp.

- I tillegg har me treårshingsten Døssland Pil, som har gått mønstringsløpa utan problem. Den skal i løpet av våren og sommaren gå prøveløp for å kvalifisera seg til ordinære løp, fortel Magne Huglen til uskedalen.no.

Ally Star blir fire år i juli, men stillar i klassen for fireåringar og eldre. I tillegg til å visa at dei er raske nok, må hestane også vise at dei kan "oppføre seg" på ei travbane, Ally Star hadde utan tvil meir inne, og er nok no god for tider under 1,20, trur Magne Huglen.

Meininga er at ho skal gå sitt fyrste ordinære løp om to veker. Då er det ikkje tida som gjeld, men å koma fyrst i mål.

Av Ola Matti Mathisen